

Vekeplan 9. trinn

Veke 45 og 46

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	• Delta i litterære samtalar om bøker, og lære seg å samtala om litteratur • Reflektera og diskutera rundt kva som er gode spørsmål knytt til bokbadet
Engelsk	• Reading, writing and speaking about the English-speaking world: Nigeria • Argumentative texts • Using pronouns in a correct way • Learning to avoid common mistakes while writing or speaking English
Matematikk	• Rekna ut omkrins og areal av ulike polygonar • Utforsking av geometriske problemstillingar
Samfunnsfag	• Forklara kva seksualitet er • Reflektera over kva som påverkar grenser knytt til kropp og seksualitet • Forklara skilnaden på ønska og uønska seksuell kontakt • Beskytta deg sjølv og andre på internett
KRLE	• Utforska og presentera sentrale trekk ved kristendommen slik det blir formidla gjennom evangelia i det nye testamentet • Bli kjend med og vurderer ulike kjelder til kunnskap om Jesus og dei første kristne • Kunna forklara forholdet mellom det gamle og det nye testamentet i bibelen • Utforska etiske idear som er knytt til forteljingane om Jesus i evangelia
Naturfag	• Utforske nokre kjemiske reaksjonar og vurderer sikkerheitstiltak som er knytt til forsøka • Bruka periodesystemet til å forklara nokre typiske eigenskapar for metall, molekylsambindingar og salt
Spansk	• Kunna snakka om noko som skal skje • Kunna snakka om klokka • Tidsuttrykk og frekvensord • Spansktalande land: Colombia
Tysk	• Kunna bestilla mat og snakka om mat • Modale hjelpeverb i presens og preteritum
Eng fordj	Reading: Solving mystery case (Text p61)

	Work with Grammar (Past tense)
Arbeidslivsfag	- Læra nye arbeidsoppgåver og bli kjent med andre ansatte i bedriften - Utføra arbeidsoppgåver sjølvstendig i bedriften
Kroppsøving	Turn/akrobatikk: - Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar - Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar. Innsats: - Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre - Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre.
M&H	- Planleggja og bruka eigna reiskap, teknikkar og matlagingsmetodar til å laga trygg og berekraftig mat som gir grunnlag for god helse - Bruka sansane til å vurdere kvaliteten på matvarer, utforska og kombinera smakar i matlaginga og forbetra oppskrifter, menyar og anretning av mat
Musikk	Lage filmmusikk og effektar i Garageband til filmklipp.
Kantine	- Planlegga dei praktiske øktene - Laga god og ernæringsriktig mat - Halda god hygiene - Jobba med rekneskap og plakatdesign - Gjennomføra sal - Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter
Fysisk aktivitet	- Øva på ulike rørsleaktivitetar åleine og saman med andre - Godta at folk er ulike i rørsleaktivitetar, samarbeida godt og oppmuntra andre til å vera med
Friluftsliv	- Halda orden på og vurdere bruk av utstyr og klede - Planleggja og gjennomføra turar ute til ulike årstider
Design/redesign	Kunna utarbeida idear og løysingsalternativ og vidareutvikle dei til eigne produkt.
Innsats for andre	- Planleggja og utvikla sosiale tiltak som bidreg til eit inkluderande samfunn - Gjennomføra praktiske sosiale tiltak for andre i samarbeid med andre

Foreldremøte

Tysdag 4. november er det foreldremøte med Sterk og klar. Det ligg ute informasjon om tema på heimesida. Det er påmelding til foreldremøtet. Sjå melding som er sendt i Visma-appen.

Elevbedrift

I veke 45 (3.-7. nov.) fortset me å setje av ein del timar på skulen til arbeid med elevbedrift. Me håpar mange bedrifter òg vil nytta fritida. Det er flott om føresette kan støtte opp om arbeidet, men pass på at det er elevane sjølv som skal gjera sjølve jobben. Me håper mange føresette, slektningar og andre vil koma på messa i gymsalen **onsdag 12. november kl. 17-18.30**, då bedriftene skal visa seg fram. Det blir sal av produkt elevbedriftene har laga, i tillegg til kaffi, kaker og liknande. Velkomen!

Utviklingssamtalar

I november skal kontaktlærarane gjennomføra utviklingssamtalane

Å dele er å delta

10. november kjem politiet på skulen for å halde eit foredrag som heiter "å dele er å delta". Dette handlar om deling av bilete og videoar av vald og andre uønskte hendingar på sosiale medium.

Forfattarbesøk

Torsdag 13. november får me besøk av forfattar Peter Strasegger. Han er frå Bryne, og har blant anna skrive om korleis det er å voksa opp på Bryne. Klassane har lese tre av bøkene hans, og me gler oss til å ha bokbad, der me blir enda meir kjent med forfattaren og litteraturen hans.

Planleggingsdag

14. november er det planleggingsdag på skulen. Då har elevane fri.

HEIMEARBEID VEKE 45

Norsk	Les 20 minutt i boka di. Legg inn kor mange sider du har lese, og skriv eit lite samandrag på OneNote i slutten av veka.
Engelsk	Record yourself explaining why your families next vacation should be to Canada. The recording should be on ON. (frå førre veke)
Matematikk	Gjer oppgåve 2.132, 2.133 og 2.138 i oppgåveboka. Lever på OneNote.
Samfunnsfag	Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: Dagsrevyen 21 - NRK TV . Skriv 3 setningar om to av nyheitssakene.
Naturfag	Gjer oppgåve 8 i Solaris 9 s. 59. Lever på OneNote.
Tysk	Skriv ei setning til kvart modale hjelpeverb i presens OG preteritum. Det er 6 Modale hjelpeverb og du bør vete kva dei heiter. Døme: Ich kann sehr gut schwimmen. (Presens) Ich konnte so schlecht schwimmen. (Preteritum) Du skal altså skriva 12 setningar i arbeidsboka di.
Eng fordj	Grammar worksheet

Kroppsøving	Turn/akrobatikk: Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera <u>inne</u> .
Musikk	Ta alltid med opplada iPad og øyrehøgtalarar. Møt i heimerommet. Dersom du ikkje får den progresjonen i timane som lærar forventar, må du arbeida heime for å hengja med. All info på OneNote/musikk.
M&H	På kjøkkenet: Me skal laga fiskegrateng, laks med curry og kokosmelk og kanelbollar. Teori: Leksjon 24 Mat frå havet.
Kantine	Anne Marie si gruppe skal laga mat Vegard si gruppe skal møta i 9A sitt klasserom
Fysisk aktivitet	Alle møtar til aktivitet i Timehallen.
Friluftsliv	Sjå Teams.

HEIMEARBEID VEKE 46	
Norsk	Les 20 minutt i boka di. Legg inn kor mange sider du har lese, og skriv eit lite samandrag på OneNote i slutten av veka.
Matematikk	Gjer oppgåve 2.140 og 2.145 i oppgåveboka. Lever på OneNote.
Samfunnsfag	1. Kva trur du er årsaka til at nokon diskriminerer andre på grunn av deira seksuelle identitet, religion eller sosiale klasse? 2. Kva kan klassen og skulen gjere for at alle elevar skal føle at dei blir møtte med respekt? Lever svara dine på OneNote.
KRLE	Gjer oppgåve 16 på side 151 i Store spørsmål. Lever på OneNote.
Naturfag	Les samandrag s. 56 i Solaris 9. Skriv ei forklaring på 8 av orda frå "Omgrep" s. 56.
Spansk	Finn 3 fakta om Colombia før året 2000 og 2 fakta om Colombia etter året 2000. Ver klar til å diskutera dei på tysdag.
Tysk	Skriv 10 enkle faktasetningar om Austerrike. Me skal ha presentasjon om landet og om mat.
Eng fordj	Write a min.10- sentence contemplation text on "Is ballet only for girls?"
Arbeidslivsfag	Starta og arbeida med presentasjonen.
Kroppsøving	Turn/akrobatikk: Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera <u>inne</u> .

M&H	På kjøkkenet: Me skal laga fiskegrateng, laks med curry og kokosmelk og kanelboller. Teori: Leksjon 24 Mat frå havet.
Musikk	Ta alltid med opplada iPad og øyrehøgtalarar. Møt i heimerommet. Dersom du ikkje får den progresjonen i timane som lærar forventar, må du arbeida heime for å hengja med. All info på OneNote/musikk.
Kantine	Vegard si gruppe skal laga mat Anne Marie si gruppe skal møta i 9A sitt klasserom
Fysisk aktivitet	Alle møtar til aktivitet i Timehallen.
Friluftsliv	Sjå Teams.
Innsats for andre	Dei som selde armband avspaserer. Resten førebur Hei Verden.